

Universitetskommunen Ålesund

AVTALE

om

FAGLEG SAMARBEID

mellom

ÅLESUND KOMMUNE (orgnr. 92041 5288)

og

NORGES TEKNISK-NATURVITENSKAPELIGE UNIVERSITET (NTNU) (orgnr. 974767880)

1. Bakgrunn

Ålesund kommune og NTNU ønsker å formalisere samarbeid om fagleg utvikling innan forskning, innovasjon og utdanning, gjennom ein avtale som krev gjensidig forplikting og innsats for å nå målsettingane som er gjort greie for i denne avtalen. Prosjektorganisasjonen for nye Ålesund kommune og NTNU signerte intensjonsavtale om å etablere universitetskommunesamarbeid 09.05.2019. Denne avtalen erstattar intensjonsavtalen. Saman med to underliggende tematiske avtalar regulerer den samarbeidet mellom Ålesund kommune og NTNU. Avtalen regulerer overordna samarbeidsrelasjonar og verkemiddel.

NTNU ønsker å styrke samhandlinga med Ålesund kommune innan fokusområda som er utpeika i NTNU i Ålesund sin utviklingsplan for tverrfagleg satsing for perioden 2019-2025; hav, handel og helse, med berekraft, digitalisering og nyskaping som tverrgående tema. Simulering er løfta fram som eit felles satsingsområde for fagmiljøa ved NTNU i Ålesund, og eit område som er spesielt relevant i samarbeidet med Ålesund kommune. NTNU i Ålesund har òg ambisjon om å vere tett på sine samarbeidspartnarar, og etablering av eit formalisert samarbeid med Ålesund kommune er eit viktig ledd i denne satsinga. Samfunnsoppdraget til NTNU er å bringe fram nye perspektiv for langsiktig, grunnleggande forskning og utdanning av framifrå kandidatar gjennom forskingsbasert utdanning. NTNU skal bidra til innovasjon i samfunn og arbeidsliv. Kunnskapen og kompetansen vi utviklar skal formidlast og bidra til ein opplyst offentleg debatt. Samfunnsoppdraget dannar basis for samarbeidet med Ålesund kommune.

Ålesund kommune ønsker med samarbeidet å bli meir treffsikker på verkemidla som settast inn for å nå innbyggjarane sine behov i framtida på ein mest mogleg berekraftig måte. Framtida sine utfordringar for kommunen gjer at det er naudsynt å ha eit formalisert samarbeid med universitet og FOU-miljø, for å få auka kunnskap systematisert gjennom forskingsresultat. Ålesund kommune har fleire satsingar innan tenesteområda retta mot brukarar som fell saman med NTNU sine fagområde.

Kommunen har òg vedteke å arbeide ut frå FNs berekraftsmål. Ut frå desse momenta ser Ålesund kommune det som både naturleg og framtidsretta å opprette samarbeidet Universitetskommunen Ålesund. Ålesund kommune ser også at eit formalisert samarbeid med NTNU vil gi lærdom om korleis denne type samarbeid kan bidra til at kommunen bli den samfunnsutviklaren ein ønskjer å vere.

2. Målsetting

All aktivitet i samarbeidet skal ha eit klart mål om å gi både kommune og universitet verdi.

Hovudmålsettingane for samarbeidet:

- Samarbeidet skal sikre tilgang på relevant og oppdatert kunnskap og kompetanse som kommunesektoren treng gjennom eit forpliktande langsiktig samarbeid mellom universitetskommunen og universitetet.
- Samarbeidet skal etablere ein arena for forskingsbasert utdanning, etter- og vidareutdanning, relevant praksis for studentar, forskarutdanning og forskning og innovasjon innan områder av strategisk nytte for sektoren.

Partane er einige om å bygge samarbeidet opp rundt to hovudpilarar som dekker fokusområda Smarte berekraftige samfunn (SBS) og Smart helse og velferd (SHV). Desse områda reflekterer delar av kommunen sitt samfunnsoppdrag og kompetansebehov, og samtidig reflekterer dei delar av universitetet sitt kompetanseområde og si satsing.

Universitetskommunen Ålesund sine pilarar og fokusområder er framstilt som vist i figuren:



3. Verkemiddel

Hovudmålet skal nås ved å ta i bruk følgjande verkemiddel:

Personell:

- Felles ordningar og retningsliner for utveksling av personale mellom kommunen og universitetet (som til dømes offentlege ph.d.-stillingar, prosjektstillingar, gjesteforelesar osv.)

Kompetansedeling:

- Gjennomføre samlingar som til dømes: workshops, frukostmøte, konferansar og liknande innan relevante tema, både internt i kommunen og ved NTNU, men òg for eksterne, og i samarbeid med eksterne samarbeidspartnarar. Drive etter- og vidareutdanning i tråd med NTNU i Ålesund sin utviklingsplan.

Studentsamarbeid:

- Legge til rette for samarbeid gjennom bachelor- og masteroppgåver, praksisplassar for studentar, og andre tiltak som fremmer samarbeid mellom studentar ved NTNU og kommunen.

United for Smart Sustainable City Lab (Ålesund framtidslab – U4SSC ip):

- Bruke Ålesund framtidslab – U4SSC ip som Ålesund kommune har etablert på Campus Ålesund i samarbeid med FN som ein arena for samarbeid mellom næringsliv, kommune og universitet.

I avtaleperioden skal partane utvikle og prøve ut verkemiddel som styrkar samarbeid innan forskning, utdanning, innovasjon og formidling, og utviklar kommunen som innovasjonsarena (eit levande laboratorium).

Det skal utviklast og gjennomførast tverrfaglege FoU-prosjekt innan begge pilarane. Det vert utarbeidd eigne delavtalar for kvar av pilarane der delmål, prosjektområde, ressursfordeling og organisasjonsformer vert konkretiserte.

Gjennom samarbeidet skal partane bidra til å definere, utvikle, evaluere og tilpasse bruken av verkemiddel for å oppnå dei definerte måla, og ha eit særskilt fokus på teknologi som kan bidra til å løyse konkrete problemstillingar.

4. Økonomi

Denne samarbeidsavtalen utløyser i seg sjølv ingen krav til økonomisk stønad frå NTNU mot Ålesund kommune eller omvendt. Slik bistand skal knytast til enkeltaktivitetar eller prosjekt som partane vert einige om å realisere under samarbeidet, jf. pkt. 5 og 6 nedanfor. Når det er aktuelt, arbeider partane

saman for å søke ekstern finansiering til prosjekt. Samarbeidsavtalen regulerer ikkje ordinære kommersielle transaksjonar mellom partane.

5. Konfidensialitet, økonomisk utnytting av resultat og patentrett

Samarbeid om doktorgradsarbeid, master- og bacheloroppgåver skal gjennomførast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande reglement og retningslinjer ved NTNU, samt prosjektspesifikke retningslinjer godkjent av kommunen. Desse regulerer kommunens, studentens og faglærars rettar og plikter med omsyn til konfidensialitet, datatryggleik, økonomisk utnytting av resultat, patentrett og tvist. Ved behandling av personopplysningar skal ansvarsforhold etter regelverket vere avklart skriftleg mellom partane. Tekniske og administrative informasjonssikringstiltak ved bruk av kommunale data skal vere vurdert som akseptable av kommunen før tilgang kan gis eller data kan utleverast.

6. Organisering

Rektor ved NTNU og kommunedirektøren i Ålesund har eit forpliktande ansvar for å ivareta universitetskommunesamarbeidet på eit overordna nivå i samsvar med denne avtalen. Det skal haldast minst eitt møte i året mellom rektor og kommunedirektør.

For å følgje opp det konkrete samarbeidet skal det etablerast styringsgrupper for kvar av delavtalane med likt tal representantar frå kvar av partane. Styringsgruppene har ansvar for at samarbeidsprosjekt og andre aktivitetar vert følgt opp i samsvar med denne overordna avtalen og innanfor rammene lagt i kvar av delavtalane. Styringsgruppene konstituerer seg sjølve og utpeikar leiar og nestleiar. Ein bør sikre likeverdig deling av leiarskap mellom partane.

7. Varigheit

Avtalen gjeld i ein prosjektperiode fram til 31.12.2024. Partane må før perioden tar slutt, evaluere samarbeidet og avgjere om prosjektet skal vidareførast, få ei permanent organisering, reviderast og/eller utvidast med fleire pilarar.

8. Tvistar

Dersom det skulle oppstå tvist om tolkinga eller gjennomføringa av denne avtalen, skal tvisten i utgangspunktet søkjast løyst gjennom forhandlingar.

Ålesund _____

Astrid Eidsvik

Kommunedirektør, Ålesund kommune

Anne Borg

Rektor, NTNU
